



SULA KOMMUNE

# DELEGERINGSREGLEMENT, POLITISK

Politisk delegeringsreglement for Sula kommune –  
vedtatt av Sula kommunestyre 16.12.2020, K-sak 128/20

Innhald:	Side:
<b>A. <u>ROLLER</u></b>	
1. <u>Generell innleiing</u>	3
2. <u>Organisatorisk oppbygging i Sula kommune</u>	3
<b>B. <u>DELEGERING</u></b>	
1. <u>Kommunestyret sitt mynde</u>	7
2. <u>Delegering – felles reglar for kapittel 3 og 5</u>	11
3. <u>Delegering til formannskapet (inkl. Det faste utvalet for plansaker)</u>	12
4. <u>Delegering til ordføraren</u>	15
5. <u>Delegering til fagutvala</u>	17
6. <u>Delegering – Interkommunalt samarbeid</u>	20
7. <u>Delegering til kommunedirektøren</u>	21
<b>C. <u>PRINSIPP FOR DELEGERING</u></b>	
1. <u>Delegering</u>	23
2. <u>Retningsliner for bruk av delegert mynde</u>	26
3. <u>Tilbakekalling og kontroll av delegert vedtak</u>	26
4. <u>Rett og plikt til å la vere å gjere bruk av delegert mynde</u>	26
5. <u>Vidaredelegering</u>	27
6. <u>Uklart mynde</u>	27
7. <u>Framgangsmåte for å avgjere om ei sak er prinsipiell</u>	27
8. <u>Rapportering</u>	27
9. <u>Omgjeringsrett</u>	28
10. <u>Klage</u>	28
<b>D. <u>VEDTAK OG IVERKSETTING</u></b>	29

## A. ROLLER

### 1. GENERELL INNLEIING

Kommunestyret er etter kommunelova sin [§ 6](#) det øvste kommunale organ og gjer vedtak på vegne av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov eller delegeringsvedtak.

Dette reglementet regulerer avgjerslemyndet til dei folkevalde organ, andre kollegiale organ og kommunedirektøren. Kommunedirektøren treff sjølv avgjerd om vidaredelegering av delegert mynde til administrasjonen. Reglementet er fastsett i medhald av kommunelova sine reglar og i medhald av særlover for utøving av kommunal mynde. Reglane i særlov vert nemnt eksplisitt for vedkomande organ.

I saker der mynde er delegert til eit kollegialt organ, kan 2 medlemmer, ordførar eller kommunedirektør innan møtet er slutt, forlange at saka skal bli lagt fram til avgjerd i det overordna organ i tråd med reglement for fagutvala. Mindretalsanke kan ikkje bli brukt ved klageorganet si behandling av klagesaker.

Ved sida av dei reglar som følgjer av dette reglementet, gjeld økonomireglementet.

### 2. ORGANISATORISK OPPBYGGING I SULA KOMMUNE

I Lov om kommunar og fylkeskommunar ([kommunelova](#)) av 22.06.2018 nr 83, er det to vedtaksnivå. Det er det politiske nivå og det administrative nivå.

#### 2.1 Pliktige politiske organ

[Kommunelova](#) har følgjande pliktige politiske organ:

- **Kommunestyret**, jf. [§ 5-3](#)  
I Sula består kommunestyret av 29 medlemmer
- **Formannskapet**, jf. [§ 5-6](#)  
I Sula består formannskapet av 7 medlemmer
- **Ordførar**, jf. [§ 6-1](#)  
Ordførar er kommunens rettslege representant og skriv under på vegne av kommunen i alle tilfelle så lenge ikkje anna er bestemt.

- **Administrasjonsutval**, jf. [§ 5-11](#)  
I Sula består utvalet av formannskapet samt to representantar for dei tilsette. Utvalet er kommunen sitt likestillingsutval som gir fråsegn i alle saker som har relevans for likestillingsspørsmål mellom kjønna.
- **Eldreråd**, jf. [§ 5-12](#)  
Eldrerådet er rådgivande organ og har rett til å uttale seg i saker som gjeld eldre.  
Flirtalet av medlemmane i eldrerådet skal på valtidspunktet ha fylt 60 år.  
Departementet gir forskrift om oppgåver, organisering og saksbehandling.
- **Råd for personar med funksjonsnedsetting**, jf. [§ 5-12](#)  
Rådet er rådgivande organ for kommunen og har rett til å uttale seg i saker som gjeld personar med funksjonsnedsetting.  
Departementet gir forskrift om oppgåver, organisering og saksbehandling.
- **Ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom**, jf. [§ 5-12](#)  
Rådet er rådgivande organ for kommunen og har rett til å uttale seg i saker som gjeld ungdom.  
Rådet skal ha ei valperiode på inntil 2 år. Medlemmane skal på valtidspunktet ikkje ha fylt 19 år.  
Departementet gir forskrift om oppgåver, organisering og saksbehandling.
- **Kontrollutval** for tilsyn med den kommunale forvaltning, jf. kap. 23 i Kommunelova, sjå også [Forskrift om kontrollutvalg og revisjon](#).  
I Sula består utvalet av 5 medlemmer derav ein av kommunestyret sine medlemmer. Utvalet skal foreta tilsyn med den kommunale forvaltning på vegne av kommunestyret. Kontrollfunksjonen kan ikkje bli overlatt til andre.

## 2.2. [I tillegg har særlover reglar om følgjande pliktige kommunale organ](#)

- **Kontrollutval** i alkoholsaker, jf. Lov om omsetning av alkoholholdig drikk mv. av 02.06.1989 nr.27 ([alkohollova](#)) [§ 1-9](#), [Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv.](#) av 11.12.1997 nr. 1292 [§ 9-1](#) I Sula er utvalet identisk med fagutval for helse og sosial. Utvalet skal kontrollere at alkohollova og vilkåra i dei gitte sals- og skjenkerettane bli følgd. Det behandlar rapportane frå skjenkekontrollørane, i tillegg til behandling og undersøking i høve klager frå publikum.
- **Valstyre**, jf. Lov om val til Stortinget, fylkestinget og kommunestyre ([valglova](#)) av 28.06.2002 nr.57 [§ 4-1](#), består av formannskapet sine medlemmer, dersom kravet til kjønnsbalanse i kommunelovens § 7 er oppfylt. Dersom dette kravet ikkje er oppfylt, vel kommunestyret eit eige valstyre med fem medlemmer med personlege vara av same kjønn.  
All mynde etter vallova som ikkje er lagt til kommunestyret sjølv, vert delegert til

valstyret. Valstyret har høve til vidaredelegering til leiaren, arbeidsgrupper eller kommunedirektør.

- **Forliksråd**, jf. Lov om domstolene ([domstollova](#)) av 13.08.1915 nr.5 [§ 27 1. ledd](#). Rådet har 3 medlemmer. Vert vald av kommunestyret sjølv blant kommunens pålitelege og valbare innbyggjarar mellom 25 – 70 år, jf. domstollova §§ [53](#), [56](#) og [59](#). Dette er ein del av rettssystemet i Noreg. Rådet gjer avgjersle i tvistar mellom private, og er ikkje ein del av kommunens avgjerdssystem. Avgjersle i forliksrådet har verknad som dom og kan bli brakt inn for by- og heradsrett.

### 2.3. Andre politiske organ

Kommunelova gir også høve til å opprette utval ([§ 5-7](#)), komitéar ([§ 5-9](#)), styre for bedrift ol. ([§ 5-10](#)), kommunale føretak ([§ 9-1](#)) og interkommunale samarbeid (kapittel 17 – 20) i tillegg til dei pliktige organ.

Sula kommune har valt å opprette følgjande utval, komitéar og nemnder etter [kommunelova](#):

- **Det faste utval for plansaker**, jf. [plan- og bygningslov av 27.06.08 nr. 71, kap. 3 § 3.3](#), skal ha ansvaret for kommunen si planlegging. I Sula har utvalet 7 medlemmer, og er personidentisk med formannskapet. Det skal bli laga eiga sakliste og bli ført eiga møtebok for det faste utvalet for plansaker.
- **Klagenemnd** på 7 medlemmer, personidentisk med formannskapet, jf. Lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker av 10.02.1967 ([forvaltningsloven](#)) [§ 28 2. ledd](#). Nemnda skal vere klageinstans for enkeltvedtak gjort av kommunale organ oppretta i medhald av [kommuneloven](#), dersom ikkje andre instansar er klageinstans etter særlov. Klagesaker skal først bli behandla av det organ som har gjort vedtak i første instans (administrasjon eller politisk organ), og dersom dette ikkje gir klagen medhald, skal saka bli behandla av klagenemnda. Klagenemnda behandlar saker der det ikkje er lovbestemt klagerett etter forvaltningslova. Klagenemnda har avgjerdsmynde på vegne av kommunen.
- **Fagutval for helse og sosial** på 7 medlemmer. Så langt som råd bør minst 2 av medlemene inkl. leiar vere frå kommunestyret, og av desse bør minst ein vere frå formannskapet. Utvalet er også kontrollutval i alkoholsaker.
- **Fagutval for kultur og folkehelse** 7 medlemmer. Så langt som råd bør minst 2 av medlemene inkl. leiar vere frå kommunestyret, og av desse bør minst ein vere frå formannskapet.

- **Fagutval for oppvekst** på 7 medlemmer. Så langt som råd bør minst 2 av medlemmene inkl. leiar vere frå kommunestyret, og av desse bør minst ein vere frå formannskapet. Delar av utvalet er også klagenemnd for barnehageopptak.
- **Fagutval for teknisk område** på 7 medlemmer. Så langt som råd bør minst 2 av medlemmene inkl. leiar vere frå kommunestyret, og av desse bør minst ein vere frå formannskapet. Fagutvalet er også:
  - **byggenemnd**
  - **trafikktryggingsnemnd**
  - **klageinstans** i høve klager på kommunale gebyr (vatn, avløp, renovasjon, feiing, slam osv.).
- **Kommunal takstnemnd** på 4 medlemmer. Nemnda vert nytta som rådgivande organ i høve kjøp og sal av eigedomar.
- **Nammenemnd** på 8 medlemmer. Sjå elles Lov om stadnamn ([stadnamnlova](#)). Nemnda har eige reglement.
- **Utval for viltsaker** på 5 medlemmer. Utvalet er eit underutval under formannskapet og behandlar/førebur saker etter Lov om jakt og fangst av vilt (viltlova) i tråd med eige reglement vedtatt 20.03.14.

## 2.4. Administrasjonen

[Kommuneloven](#) pålegg kvar kommune å ha ein **kommunedirektør (rådmann)** jf. [§ 13-1](#) og (tilgang til) ein **revisor**, jf. [§ 24-1](#). Særlover har likevel reglar om andre pliktige tenestemenn eller kompetansekrav i kommunen.

## B. DELEGERING

### 1. KOMMUNESTYRET SITT MYNDE

Kommunestyret er etter kommunelova sin [§ 5-3](#) det øvste kommunale organ og gjer vedtak på vegne av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov eller delegeringsvedtak.

Alle prinsipielle saker og saker om fastsetting av skatt, satsar, avgifter og gebyr etc. skal kommunestyret behandle og avgjere dersom det ikkje er delegert.

#### 1.1 Saker som kommunestyret i medhald av kommunelova skal behandle og avgjere

Dette gjeld:

<a href="#">§ 3-2</a>	Vedtak om kommunevåpen og kommuneflagg.
<a href="#">§ 5-5, 2. ledd</a>	Endring av kommunestyret sitt medlemstal.
<a href="#">§ 5-6</a>	Val av formannskap.
<a href="#">§ 5-7</a>	Opprette og legge ned faste utval og kommunedelsutval, bestemme området for deira verksemd, (jf. <a href="#">§ 5-13</a> ), og dessutan velje medlemmer, varamedlemmer og leiar / nestleiar.
<a href="#">§ 5-8</a>	Avgjerder om kommunedelsutval.
<a href="#">§ 5-10</a>	Opprette og nedlegge særskilt styre for kommunale institusjonar.
<a href="#">§ 5-11, 2. ledd</a>	Medlemmer og leiar/nestleiar i partssamansette utval.
<a href="#">§ 6-2</a>	Val av ordførar og varaordførar.
<a href="#">§§ 8-3 til 8-6</a>	Vedta forskrift om dekking av utgifter og økonomisk tap for folkevalde, arbeidsgodtgjersle, godtgjersle ved frikjøp og ettergodtgjersle.
<a href="#">§ 8-7</a>	Vedtak om pensjonsordning for folkevalde.
<a href="#">§ 8-10</a>	Gi forskrift om permisjon for folkevalde som har vervet som sin hovudbeskjeftigelse.
<a href="#">§ 9-1</a>	Opprette kommunalt føretak.
<a href="#">§ 9-3</a>	Endre vedtekter til kommunalt føretak.
<a href="#">§ 9-5</a>	Velje styret i kommunale føretak og utpeke leiar og nestleiar.
<a href="#">§ 10-1</a>	Innføring og oppheving av parlamentarisk styreform.
<a href="#">§ 10-2</a>	Innføring og val mv. av kommuneråd.
<a href="#">§ 11-7</a>	Vedta at folkevalde organ skal ha høve til å halde møte som fjernmøte.
<a href="#">§ 11-8</a>	Overføre mynde i hastesaker.

<a href="#">§ 11-12</a>	Vedta reglement med nærare reglar for saksbehandlinga i folkevalde organ, delegering av mynde og innstillingsrett.
<a href="#">§ 12-1</a>	Ta stilling til innkome innbyggjarinitiativ.
<a href="#">§ 13-1</a>	Tilsetjing av kommunedirektør.
<a href="#">§ 13-2</a>	Vedtak om åremålstilsetjing i leiande administrative stillingar.
<a href="#">§ 13-4, 4. ledd</a>	Retningslinjer for møterett for tilsette sine representantar.
<a href="#">§ 14-2</a>	Vedta økonomiplan og årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding, finansielle måltal for utviklinga av kommunen sin økonomi, økonomireglement og finansreglement.
<a href="#">§ 14-14</a>	Vedtak om låneopptak/godkjenning av låneramme.
<a href="#">§ 14-19</a>	Vedtak om å gje garanti.
<a href="#">§ 18-1</a>	Opprette interkommunalt politisk råd
<a href="#">§§ 19-1, 19-4</a>	Opprette kommunalt oppgåvefelleskap og vedta samarbeidsavtale.
<a href="#">§ 20</a>	Inngå vertskommunesamarbeid.
<a href="#">§ 23-1</a>	Val av kontrollutval inkl. leiar, nestleiar og øvrige medlemmer og varamedlemmer til utvalet.
<a href="#">§ 23-3</a>	Vedta plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon.
<a href="#">§ 23-4</a>	Vedta plan for eigarskapskontroll.
<a href="#">§ 24-1</a>	Val av revisor.
<a href="#">§ 26-1</a>	Vedta eigarskapsmelding minst ein gong i valperioden.

(Lista er ikkje uttømmande.)

## 1.2. Saker som kommunestyret i medhald av plan- og bygningslova skal behandle og avgjere

Dette gjeld:

<a href="#">§ 3-2</a>	Ha ansvaret for og leiinga av kommuneplanlegginga og arbeidet med reguleringsplanar.
<a href="#">§ 3-3</a>	Kommunestyret skal vedta kommunal planstrategi, kommuneplan og reguleringsplan.
<a href="#">§ 10-1</a>	Vedta kommunal planstrategi.
<a href="#">§ 11-15</a>	Vedta kommuneplan.
<a href="#">§ 12-11</a>	Vedta private reguleringsplanar som er i samsvar med kommuneplanen sin arealdel eller områderegulering, men som er avslått fremma av det faste utvalet for plansaker.
<a href="#">§ 12-12</a>	Vedta mindre reguleringsplanar i samsvar med kommunelova sine reglar når planen er i samsvar med rammer i kommuneplanen sin arealdel, og det er mindre enn fire år sidan den vart vedtatt av kommunestyret.
<a href="#">§12-12, 12-13 og 12-14</a>	Vedta reguleringsplanar (og behandle klage som får medhald i det faste utvalet for plansaker).



<a href="#">§ 13-1</a>	Nedlegge mellombels forbod mot deling og bygging.
<a href="#">§ 16-2</a>	Vedtak om oreigning for gjennomføring av regulerings- og/eller utbyggingsplan.
<a href="#">§ 16-3</a>	Vedtak om oreigning uavhengig av reguleringsplan.
<a href="#">§ 16-4</a>	Vedtak om oreigning til vass- og avlaupsanlegg.
<a href="#">§ 17-2</a>	Vedta bruk av utbyggingsavtale og geografisk område. Kommunestyret skal godkjenne utbyggingsavtalar der kommunen sin plikt til å ta del er vurdert til å verte meir enn kr 1 mill.
<a href="#">§ 33-1</a>	Fastsette gebyr.

### 1.3. Saker som kommunestyret i medhald av forvaltningslova skal behandle og avgjere

Dette gjeld:

<a href="#">§ 28, 2. ledd</a>	Vedtak om klageorgan, og val av medlemmer til dette organet. (I Sula er det formannskapet som skal behandle klagesaker om ikkje anna er bestemt).
-------------------------------	---

### 1.4. Saker som kommunestyret i medhald av andre særlover skal behandle og avgjere

Dette gjeld bl.a.:

- [Alkoholova](#):
  - Tildele faste sals- og skjenkeløyve ([§ 1-7](#))
- Alkoholpolitisk handlingsplan (§ 1-7d)
- Fastlegging av tal på vinmonopolutsal ([§ 3-3](#))
- [Domstollova](#):
  - oppnemne medlemmer til Forlikrådet, jf. § 57, 1. ledd
  - oppnemne utval av meddommarar, jf. § 66
- [Eigedomsskattelova](#):
  - fastsette satsar og grupper for fritak
  - oppnemne medlemmer til sakkyndig nemnd og klagenemnd)
- [Ekteskapslova](#): oppnemne vigslarar, jf. § 12b
- [Forpaktingslova](#): oppnemning av skjønsmemnd, jf. § 11
- [Havnelova](#): bestemme organisasjonsform for eigne hamner etter § 45, jf. bl.a. kommunelova § 9-1 (opprette, val og vedtekter for kommunale føretak)
- [Interkommunale selskap](#):
  - vedta selskapsavtalar, jf. § 4
  - oppnemning av medlemmer til representantskap, jf. § 6
- [Lov om Den norske kirke](#):

- Val av kommunal medlem til sokneråd/fellesråd ([§ 6](#) og [§ 12](#))
- [Konfliktråd](#): oppnemne konfliktrådsmeklar, jf. § 4
- [Matrikkelova](#): inngå avtale om å overlate til andre å føre oppmålings-forretningar.
- [Lov om motorferdsel i utmark](#): Eventuell kommunal forskrift ([§ 5](#))
- [Opplæringslova](#): forskrifter
- [Partilova](#): finansiering av folkevalde gruppene i Kommunestyret ([kap. 3](#))
- [Vallova](#): val av valstyre samt leiar og nestleiar i valstyret.
- [Lov om vass- og avløpsanlegg](#): forskrift om kommunale vatn- og avløpsgebyr.
- [Veglova](#): vedtak om bygging, opptak eller nedlegging av kommunal veg ([§§ 5-7](#))

Andre lovfesta oppgåver i tråd med til kvar tid gjeldande lovgjeving – lista er ikkje uttømande.

## 1.5. Saker vedrørende arbeidsgjevarfunksjonen

Kommunestyret skal gjere vedtak i følgjande saker:

- Overordna personalpolitiske retningsliner
- Tvistar om tolking og praktisering av avtaler, reglement og andre forskrifter som gjeld tilsettings- og arbeidsvilkåra til arbeidstakarane.

## 2. DELEGERING – FELLES REGLAR KAPITTEL 3 OG 5

I medhald av kommunelova delegerer kommunestyret til formannskapet, det faste utvalet for plansaker, administrasjonsutvalet og fagutvala å fatte vedtak i dei saker som gjeld vedkomande utval sitt arbeidsområde unntatt der avgjerdsmyndet er lagt til kommunestyret sjølv eller er lagt til andre organ.

Både formannskapet (jf. [§ 5-6, 3. ledd](#)) og utval (jf. [§ 5-7, 3. ledd](#)) «kan opprette et arbeidsutvalg som består av medlemmer frå» høvesvis formannskapet eller «medlemmene av utvalget».

Formannskapet, det faste utvalet for plansaker og fagutvala kan delegerere vidare til kommunedirektøren der prinsipielle retningsliner skal vere fastlagt i delegeringsvedtaket. Melding om slikt vedtak skal så snart som råd bli lagt fram for Kommunestyret.

### 3. DELEGERING TIL FORMANNSKAPET

#### 3.1. Delegering etter Kommuneloven

I medhald av [§ 8.3](#) delegerer kommunestyret til formannskapet å gjere vedtak i saker unntatt der avgjerdsmyndet er lagt til kommunestyret sjølv eller myndet er lagt til andre organ.

Formannskapet skal avgjere alle saker som krev samordna behandling for fleire utval og som ikkje vert avgjort av kommunestyret sjølv.

Formannskapet skal etter [§ 8.3](#) behandle forslag til økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak.

Formannskapet skal etter behandling i respektive fagutval innstille til kommunestyret for alle overordna planar der desse vedkjem økonomiplanen. Formannskapet forvaltar alle kommunen sine grunneigedomar (ikkje kommunale bygg etc.) på vegner av kommunestyret, og har ansvar for planlegging og rapportering til kommunestyret vedkomande denne forvaltninga. Kjøp og sal av grunneigedom der kjøpesum/salssum er over kr 2.000.000,- eller der formannskapet ikkje har fatta samrøystes vedtak, skal endeleg bli godkjent av kommunestyret. I saker der kommunestyret har gjort vedtak om å selje bygningar / grunneigedom, har formannskapet mynde til å godkjenne endeleg salspris.

Formannskapet behandlar og vedtar utbyggingsavtalar (der kommunen si plikt til å ta del er vurdert til å verte under kr 1 mill.) etter Plan- og bygningslova, [kap.17](#).

Formannskapet er kommunen sitt utval for nærings saker, herunder reiseliv.

I medhald av [§ 11-8](#) får formannskapet delegert utvida mynde i hastesaker.

Formannskapet er kommunen sitt **valutval**, og førebur val og legg fram tilråding til kommunestyret.

Formannskapet er generell **klagenemnd**, jf. Lov om behandlingsmåten i forvaltningsaker av 10.02.1967 ([forvaltningslova](#)) [§ 28 2. ledd](#). Nemnda skal vere klageinstans for enkeltvedtak gjort av kommunale organ oppretta i medhald av [kommunelova](#). Nemnda skal vere klageinstans for enkeltvedtak gjort av kommunale organ oppretta i medhald av kommunelova, dersom ikkje andre instansar er klageinstans etter særlov. Klagesaker skal først bli behandla av det organ som har gjort vedtak i første instans (administrasjon eller politisk organ), og dersom dette ikkje gir klagen medhald, skal saka bli behandla av klagenemnda. Klagenemnda behandlar saker der det ikkje er lovbestemt klagerett etter forvaltningslova. Klagenemnda har avgjerdsmynde på vegne av kommunen.

## 3.2. Delegering etter særlov

- 3.2.1.** Formannskapet er kommunen sitt **faste utval for plansaker** etter [plan- og bygningslov av 27.06.08 nr. 71, kap. 3 § 3.3](#). Utvalet skal behandle alle saker etter Plan- og bygningslova. Dette gjeld spesielt:
- Behandle forslag til kommuneplanar/kommunedelplanar og fremje desse for kommunestyret, jf. [§ 10-1](#) og [§ 11-15](#)
  - Behandle forslag til reguleringsplanar og fremje desse for kommunestyret, jf. [§ 12-12 og 13](#)
  - Behandle private forslag til reguleringsplanar og fremje desse for kommunestyret, jf. [§ 12-11](#)
  - Fastsette tomtegrenser og plassering av busetnad, høgd og grunnflate ved behandling av tidlegare forslag til deling og søknad om byggeløyve etter at bygge- og deleforbodet er falt bort, jf. [§ 14-5](#)
  - Avgjere alle konsesjonssaker, jf. [konsesjonslova](#)
  - Saker som gjeld fagutvalet for kultur og folkehelseutvalet sitt ansvarsområde (natur og friluftsliv og forvaltning av friluftsliv- og friareal) skal bli sendt over til dette utvalet for tilråding før planutvalet avgjer konsesjonssakene.
- 3.2.2.** [Smittevernlova](#):
- Vedta møteforbod, stenging av verksemd, avgrensing i kommunikasjon og isolering, jf. [§ 4-1](#) første ledd bokstav a-d. Kommunen kan berre fatte generelt stengingsvedtak dersom det er stor smittespreiing. Vedtak skal bli godkjent av Helsedirektoratet før det trer i kraft.
  - Vedtak om skading av eigendom, jf. [§ 4-1](#) fjerde ledd.
  - Vedta forholdsregler ved gravferd og transport av lik, jf. [§ 4-6 første ledd](#).
  - Vedtak om bruk og skade av eigendom ved særskilte tiltak, jf. §§ 3-1 og 3-8, jf. § 7-1 femte ledd.
- 3.2.3. Administrasjonsutvalet** (formannskapet og to representantar for dei tilsette). Etter kommunelova sin [§ 5-11](#) er administrasjonsutvalet kommunen sitt partssamansette utval og har mynde som følgjer av dette. Utvalet skal behandle alle saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Dette gjeld ikkje saker etter [Arbeidsmiljølova](#). I slike tilfelle er det Arbeidsmiljøutvalet som skal behandle saka. I saker der arbeidsmiljøutvalet har avgjerdsmynde, kan eit vedtak i det partsamansette utvalet bli anka til formannskapet dersom 2 av medlemene, ordføraren eller kommunedirektøren krev det. Tilsvarende gjeld for dei som møter i staden for ordførar og kommunedirektør.

Administrasjonsutvalet skal førebu følgjande saker til kommunestyret:

- Overordna personalpolitiske retningslinjer
- Tvistar om tolking og praktisering av avtaler, reglement og andre forskrifter som gjeld tilsettings- og arbeidsvilkåra til arbeidstakarane.

Lønspolitiske retningslinjer blir vedtatt av kommunestyret.

Administrasjonsutvalet er kommunen sitt likestillingsutval. Utvalet behandlar og gir fråsegn i alle saker som har relevans for likestillingsspørsmål mellom kjønna. Sjå elles [Lov om likestilling og forbud mot diskriminering](#).

### 3.3 Anna delegering

Formannskapet skal ha samtale / utviklingssamtale med kommunedirektør éin gong i året, eller dersom kommunedirektør eller to medlemmer av formannskapet ber om det. Samtalen kan inkludere forhold knytt til løn.

**Valstyret** er heimla i vallova og har ansvaret for førebuing og gjennomføring av offentlege val. Ordførar og varaordførar er høvesvis leiar og nestleiar av styret.

All mynde etter vallova som ikkje er lagt til kommunestyret sjølv, vert delegert til valstyret. Valstyret har høve til vidaredelegering til leiaren, arbeidsgrupper eller kommunedirektør.

## 4. DELEGERING TIL ORDFØRAREN

### 4.1. Delegering etter Kommunelova

Ordføreren er i medhald av [§ 6-1](#) kommunen sin rettslege representant.

Med heimel i [kommunelova § 6-1, fjerde ledd](#) vert ordføreren gitt avgjerdsmynde i følgjande type saker:

- oppnemne utsending til årsmøte i organisasjonar kommunen er medlem av og avgjere om kommunen skal la seg representere på årsmøtet, samt oppnemne kommunen sine representant(ar) i organisasjonen sitt styre, så sant ikkje anna er bestemt i organisasjonen sine vedtekter
- oppnemne utsending til generalforsamling i aksjeselskap der kommunen sin eigardel er mindre enn 25 % og avgjere om kommunen skal la seg representere på generalforsamling så sant ikkje anna er bestemt i selskapet sine vedtekter,
- vurdere søknadar om økonomiske bidrag frå kommunen til tiltak som fell utanfor kommunen sine etablerte tilskotsordningar og avgjere om søknaden skal få løyving heilt eller delvis innanfor ei maksimalramme på kr 10.000 per tilfelle. Midlane skal bli tatt frå formannskapet sin disposisjonskonto, og løyvingar skal bli rapportert til formannskapet regelmessig.
- etter søknad (jf. [kommunelova § 7-9](#)) gje fritak, mellombels eller resten av valperioden, for den som ikkje kan ivareta vervet sitt utan at det fører til vesentleg ulempe for han eller henne.
- avgjere om det er nødvendig å foreta nytt valoppgjer når ein vararepresentantplass i kommunestyret er blitt ledig, [vallova § 14-2, andre ledd](#).
- Hastesaker etter [§ 11-8, første ledd](#).

Ordførar skal rapportere til kommunestyret om korleis den delegerte mynda er nytta.

Verva som ordførar og varaordførar er nærare regulert i "Reglement for verva som ordførar og varaordførar" vedtatt i K- sak 128/20, ref møte 16.12.2020.

## 4.2. Delegering etter særlov

Ordførar får mynde til å anmelde etter [Straffelova](#).

## 4.3. Anna delegering

Ordførar og varaordførar fastset kommunedirektør si løn etter samtale med han, jf. Hovudtariffavtalen.

## 4.4. Saksutgreiing og innstilling

Ordføraren kan sjølv førebu saker og fremme innstilling til vedtak i formannskapet og kommunestyret.

Dette gjeld i hovudsak:

- saker etter vallova med forskrift og forskrift om val av Sametinget,
- saker om oppnemning av medlemmer i folkevalde organ oppretta med heimel i kommunelova eller særlov, kommunen sine folkevalde medlemmer i styret i organisasjonar og føretak, samt utsendingar til årsmøter og generalforsamlingar til same,
- saker om oppnemning av lagrettemedlemmer og lekdommarar i dei alminnelege domstolar, samt forliksrådsmedlemmer og skjønsmenn,
- saker om reglement for folkevalde organ og folkevalde sine arbeidsvilkår,
- saker om politisk organisering,
- saker der kommunedirektøren er inhabil og ikkje kan innstille i saka. Det skal gå fram av saksframlegget om det er ordførar eller kommunedirektør som har innstilt i saka.

Ved førebuing av saker nemnt i første avsnitt, kan ordførar få hjelp av politisk sekretariat. Formannskapet eller kommunestyret kan i dei tilfelle der ordføraren vert beden om å førebu saker, pålegge kommunedirektør å stille administrativ hjelp til ordføraren sin disposisjon.

Ordføraren står direkte ansvarlig for at den innstillinga som han eller ho legg fram, fyller krava til forsvarleg saksutgreiing. Kommunedirektøren har rett til å bli kjent med saka før ho vert fremma.

I saker der det er naturleg at ordførar innstiller, men er inhabil, er det varaordførar som innstiller.



## 5. DELEGERING TIL FAGUTVALA

Kommunestyret har oppretta 4 faste fagutval for å skape større breidde og deltaking i politisk viktige saker. Desse utvala er:

- fagutval for helse og sosial
- fagutval for kultur og folkehelse
- fagutval for oppvekst
- fagutval for teknisk område

Utvala pliktar å gjere heilskaplege politiske vurderingar og har totalansvar for forvaltning og drift innanfor vedkomande utval sitt ansvarsområde.

Utvala er tillagt direkte innstillingsrett til kommunestyret.

Saker av overordna, prinsipiell og økonomisk karakter, bl.a. spørsmål om tilleggsløyvingar, skal via formannskapet.

Fagutvala får tildelt økonomiske rammer av kommunestyret. Fagutvala er tillagt mynde til å gjere korrigeringar innanfor sine budsjetttrammer, unntatt vedtak om nye tiltak og vesentleg utviding av igangverande tiltak, eller vesentleg reduksjon av eit tiltak.

Fagutvala pliktar å utarbeide tertialrapportar til kommunestyret om utviklinga i budsjettforbruket. Fagutvalet sitt vedtak skal bli oversendt til formannskapet når dei skal behandle tertialrapportar.

Fagutvala sitt saksområde og avgjerdsområde omfattar med mindre noko anna er sagt, det som ikkje skal til formannskapet og kommunestyret.

Minimum to representantar i eit fagutval kan i saker der utvalet har avgjerdsrett anke saka opp til endeleg avgjerd i kommunestyret. Det same kan ordføraren og kommunedirektøren, eller den som møter i deira stad.

I folkevalde organ har Eldrerådet og Råd for likestilling av funksjonshemma samt Ungdomsrådet tale- og forslagsrett dersom organet sjølv gir løyve til det.

### 5.1. Delegering til fagutval for helse og sosial

Fagutvalet for helse og sosial har 7 medlemmer og følgjande saksområde:

- tenester innan helsevern og rehabilitering
- tenester innan sosial omsorg
- tenester innan pleie og omsorg.

Fagutvalet er kommunen sitt kontrollutval i alkoholsaker.

Fagutvalet forvaltar hovudsakleg følgjande lovverk:

- [pasient- og brukerrettighetslova](#)
- [helse- og omsorgstenestelova](#)
- [lov om sosiale tenester i NAV](#)
- [alkohollova](#)
- [introduksjonslova](#)

## 5.2. Delegering til fagutval for kultur og folkehelse

Fagutvalet for kultur og folkehelse har 7 medlemmer og følgjande saksområde:

- tenester innan kultur, musikk og idrett
- natur og friluftsliv samt forvaltning av friluftsliv- og friareal
- fagutvalet skal vere eit kontaktledd mot frivillige lag og organisasjonar.
- vedta kven som får kommunen sin kulturpris (tildeling i kommunestyret)

Fagutvalet forvaltar hovudsakleg følgjande lovverk:

- [biblioteklova](#)
- [kulturlova](#)
- [friluftslivlova](#)
- [motorferdsellova](#)
- [opplæringslova § 13-6](#) Musikk- og kulturskuletilbod
- [folkehelselova](#)
- [Lov om stadnamn](#) §§ 5 og 7

Det er delegert til kultur- og folkehelseutvalet å fatte vedtak i saker som gjeld stadnamn, jf. stadnamnlova [§ 5](#) og [§ 7](#), og instruks for namnenemnda vedtatt i K- sak 019/20 i møte 12.02.2020.

## 5.3. Delegering til fagutval for oppvekst

Fagutvalet for oppvekst har 7 medlemmer og følgjande saksområde:

- grunnskuleopplæring, herunder vaksneopplæring og norsk for vaksne innvandrarakar
- barnehage
- tiltakseining for barn og unge med tenesteområda pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), barnevern og helsestasjon

Fagutvalet forvaltar hovudsakleg følgjande lovverk:

- [opplæringslova](#)
- [barnehagelova](#)
- [barnevernlova](#)

- [lov om kommunale helse- og omsorgstenester, helsetjeneste i skular og helsestasjonsteneste](#)
- [introduksjonslova](#); introduksjonsprogram vaksne

Delar av utvalet er også **klagenemnd for barnehageopptak**.

#### 5.4. Delegering til fagutval for teknisk område

Fagutvalet for teknisk område har 7 medlemmer og følgjande saksområde:

- ansvar for oppfølging av utbyggingsprosjekt og drift av kommunale bygg og infrastruktur knytt til veg (spesielt trafikktryggleik) og VAR (vatn, avløp og renovasjon, etc.). Utvalet kan delegerer til underutval å følgje opp enkeltprosjekt. For utbyggingsprosjekt (investeringar) sjå kap. 9 i økonomireglementet. Både utforming og vesentlege endringar i prosjekt skal bli lagt fram for brukarane og aktuelt fagutval for innspel.
- tenester innan brannvern og miljøvernberedskap (m.a. forureining), samt klima og miljøraker.

Fagutvalet har fleire viktige lovverk å forvalte. Dei mest sentrale er følgjande:

- [brann- og eksplosjonsvernlova](#)
- [forurensningslova](#)
- [matlova](#)
- [vannressurslova](#)
- [vass- og kloakkavgiftslova](#)
- [veglova](#)
- [vegtrafikklova](#)

Fagutvalet for teknisk område er kommunen si **byggenemnd** og har ansvar for teknisk og økonomisk oppfølging for dei byggeprosjekt som kommunen vedtek å realisere. Fagutvalet har mynde til å opprette underutval for gjennomføring av byggeprosjekt, jf. gjeldande reglement for byggenemnd.

- Kommunalsjef eller einingsleiar for den eininga som skal bruke bygget, organiserer brukarmedverknad i byggeprosjekt gjennom eit eige brukarutval.
- Leiar i brukarutvalet får møte- og talerett, men ikkje stemmerett, i byggenemnda i saker som gjeld deira byggeprosjekt.

Fagutvalet er **klageinstans** i høve klager på kommunale gebyr (vatn, avløp, renovasjon, feiing, slam osb.)

Kommunedirektøren har i det administrative delegeringsreglementet delegert til kommunalsjef for teknisk område å representere kommunedirektøren i fagutval for teknisk område og eventuelle underutval.

Fagutvalet er også **trafikktryggingnemnd**, og skal i konkrete saker innhente synspunkt frå andre relevante fagområde / -utval før avgjerd.

## 6. DELEGERING - INTERKOMMUNALT SAMARBEID

### 6.1 Til Ålesundregionens havnevesen

Kommunestyret sitt mynde etter [Lov om havner og farvann](#) (hamne- og farvatnlova) er delegert til Ålesundregionens Havnevesen. Sula kommune er representert i Havnerådet.

### 6.2 Til Ålesund kommune – Brannsjefen

Kommunestyret sitt mynde etter brann- og eksplosjonsvernlova er delegert til brannsjefen i Ålesund i samsvar med gjeldande samarbeidsavtale.

### 6.3 Til Ålesund kommune – landbruk

Sula kommune har i K-sak 016/20, jf. møte 12.02.20, gitt vertskommunen Ålesund mynde til å utføre dei kommunale oppgåvene som framgår i:

- [Lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom](#) (konsesjonslova)
- [Lov om jord](#) (jordlova)
- [Lov om odelsretten og åsetesretten](#) (odelslova)
- [Lov om skogbruk](#) (skogbrukslova)
- [Lov om jakt og fangst av vilt](#) (viltlova)
- [Lov om laksefisk og innlandsfisk mv.](#) (lakse- og innlandsfiskelova)

Alle delegerte vedtak, med unntak av vedtak som gjeld tilskotsforvaltning, skal bli oversendt Sula kommune til orientering / referatsak.

### 6.4 Til ÅRIM (Ålesundregionen interkommunale miljøsekskap IKS)

Sula kommune sine lovpålagte oppgåver innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall og slam er delegert til Ålesundregionen interkommunale miljøsekskap IKS (ÅRIM), jf. selskapsavtale vedtatt i [Kommunestyret 17.09.20](#), ref. K-sak 081/20.

## 7. DELEGERING TIL KOMMUNEDIREKTØREN

### Generelt

All mynde etter lov og forskrifter vert delegert til kommunedirektøren så langt dette ikkje er delegert til andre utval, i strid med lov eller forskrift eller ikkje er av prinsipiell art. Kommunedirektøren har mynde til å forvalte årsbudsjettet i tråd med økonomireglementet. Kommunedirektøren treff sjølv avgjerd om vidaredelegering av delegert mynde til administrasjonen. Kommunedirektøren har vidare mynde frå kommunestyret til å peike ut aktuelle fagpersonar til å ivareta forvaltningsoppgåver der det i lovverket vert stilt krav om særskilt kompetanse.

### 7.1. Delegering etter Kommunelova

I medhald av kommunelova [§ 13.1](#) blir det delegert til kommunedirektøren å gjere vedtak i enkeltsaker, innanfor dei instruksene, retningslinjene eller pålegga kommunestyret gir, eller i saker som ikkje er av prinsipiell art. Dersom det kan vere tvil om eit vedtak er av prinsipiell art har kommunedirektøren plikt til å gå tilbake til det politiske organ som er tillagt avgjerdsmynde. Kommunedirektøren får innstillingsrett til i alle utval så langt det er høve til det etter lovgjevinga.

Kommunedirektøren har tilvisingsrett for heile kommunen sitt budsjett. Kommunedirektøren sine personlege utgifter vert tilvist av ordføraren.

Kommunedirektøren vert gitt mynde til å ta opp lån/refinansiere lån til kapitalformål, der vedtak om låneopptaket er gjort av kommunestyret i årsbudsjett eller etter særskild vedtak, jf. kommunelova [§ 14-14](#).

### 7.2. Delegering etter plan- og bygningslova

I medhald av [plan- og bygningslov av 27.06.08 nr. 71](#) blir det delegert til kommunedirektøren å gjere vedtak i følgjande saker:

- Byggesaker som gjeld dispensasjonar frå reglane om:
  - høgde, plassering, takkonstruksjon og byggeline.
  - utnyttingsgrad
- Frådelingssaker som gjeld:
  - dispensasjon frå reguleringsplanen sine vedtekter i spesielle forhold som til dømes tilleggsareal til eigedom gjennom arveoppgjer etc. utan å endre reguleringsformål
  - dispensasjon frå reguleringskrav i arealdelen til kommuneplanen for frådeling og bygging i byggeområda

- søknader om frådeling/tilleggsareal innanfor arealdelen til kommuneplanen som medfører justering av formålsgrenser opp til 300 m<sup>2</sup>
- Bygge- og delesaker i regulerte område der det er tale om mindre justeringar/endingar av tomtegrensene innanfor same formål og som ikkje medfører reguleringsending.
  - Klage på delegerte vedtak vert å behandle i det faste utvalet for plansaker.
  - Delegerte vedtak skal bli lagt fram som melding til det faste utvalet for plansaker.
- Gjennomføre sal av mindre, ubygd kommunalt areal til ein verdi av inntil 1 G. Sal skal bli lagt fram som referatsak for formannskapet.

### 7.3. Delegering etter [Straffelova](#)

Kommunedirektøren får mynde til å anmelde etter Straffelova.

### 8.4. Anna delegering

Kommunedirektøren får fullmakt til å godkjenne anbod (val av entreprenør) innanfor vedtekne budsjettammer. Dette gjeld ikkje der andre organ har ansvaret.

Alle drøftingar og forhandlingar som gjeld dei lokale oppgjera ut i frå ein på førehand definert ramme, fastsette løn i mellombelse stillingar samt andre arbeidsvilkår, er delegert til kommunedirektøren. Kommunedirektøren fastset løn ved tilsetting og i einskildsaker som gjeld å rekruttere og behalde arbeidstakarar.

Kommunedirektøren vert delegert mynde til å avgjere om tidlegare bortfestet tomt kan bli seld. Kommunedirektøren får også fullmakt til å kjøpe/selje/bortfeste/innfeste areal i høve justeringar av målebrev som følgje av godkjent regulerings-/utbyggingsplan.

Kommunedirektøren får vidare fullmakt til å kjøpe/selje/bortfeste/innfeste areal som følgje av vedtatt anleggs- og utbyggingsverksemd.

Kommunedirektør behandlar saker som går på enkeltstående turar etter [Lov om motorferdsel i utmark](#). Dei meir prinsipielle sidene blir lagt fram for og vedtatt av Fagutval for kultur og folkehelse.

## C. PRINSIPP FOR DELEGERING

### 1. Delegering

#### 1.1. Kva

Delegering betyr at nokon (A) med mynde gir ein annan (B) mynde av same art som ein sjølv (A) har.

Ei delegering frå kommunestyret til kommunedirektøren om t.d. mynde til sal av bustadtomter, inneber ikkje at kommunestyret mister noko av si eiga mynde til sal. Kommunestyret kan framleis fatte vedtak om sal av slike tomter på same måte som kommunedirektøren kan. Sjølv om det er kommunedirektøren eller kommunestyret som sel tomter, er det kommunestyret som har ansvaret for salet. Når kommunedirektøren sel tomter, gjer han dette på vegne av kommunestyret, og har da ikkje det formelle ansvaret for vedtaket. Han har likevel ansvar i forhold til kommunestyret som sin overordna og det organ som har gitt delegeringa.

#### 1.2. Kvifor

Den viktigaste grunnen til at det skjer delegering av mynde, er å avlaste den med mynde og fordele arbeidsbelastninga på fleire. Ein annan årsak kan vere at for å fatte formålstenlege vedtak er det behov for fagkunnskap som den med mynde ikkje har. I tillegg vil ei delegering i dei fleste tilfelle gi ei kortare saksbehandlingstid i den enkelte sak.

[Kommunelova § 5-3](#) inneber at det i hovudsak berre er kommunestyret som har mynde til å fatte vedtak på vegne av kommunen. Når vi tenker på mengda vedtak som vert gjort i ei kommune årleg, seier det seg sjølv at det ikkje er formålstenleg eller praktisk mogleg at alle desse vert gjort av kommunestyret sjølv. For å unngå ein slik situasjon må kommunestyret derfor delegere noko av sitt mynde til andre organ i kommunen.

Sula kommune er oversiktleg og politikarane må ikkje gjere avstanden mellom kommunestyret og innbyggjarane stor. Kommunestyret må sikre seg innsyn og mynde i saker som er viktige for einskildmenneske og folk flest. Fagutvala og andre politiske utval må ha oppgåver og mynde som gir rom for engasjement og medverknad.

#### 1.3. Avgrensingar

For at ei delegering skal vere lovleg må visse kriterium vere oppfylt:

##### 1.3.1. Det må vere løyve til å delegere myndet

Utgangspunktet i [kommunelova](#) er at det mynde som er gitt etter lova kan bli delegert.

Det finst likevel unntak frå dette utgangspunktet, og det er dei såkalla delegeringssperrene. Den mest vanlege sperra er tilføyning av "selv" i lovteksten, så som «*kommunestyret... ansetter selv administrasjonssjefen*» i [kommunelova § 13-1](#). Dette inneber at kommunestyret ikkje kan gi andre mynde til å tilsette kommunedirektør.

Ei anna sperre er ein direkte lovregel som avgrensar delegeringsmyndet. Eit eksempel på dette er [plan- og bygningslova § 12-12 2. ledd](#), som avgrensar kommunestyrets moglegheit til berre å kunne «delegere myndighet til å vedta mindre reguleringsplaner i samsvar med kommunelovens regler når planen er i samsvar med rammer i kommuneplanen sin arealdel, og det er mindre enn fire år sidan den ble vedtatt av kommunestyret.»

Der eit organ har fått delegert mynde, er utgangspunktet at også dette myndet kan bli delegert vidare. Men det fins unntak også her. Nokre organ som få delegert mynde vil normalt ikkje kunne delegere det gitte mynde vidare. Dette gjeld ordførar, styre for bedrifter ol. og interkommunale styre. Kommunedirektøren har ein noko avgrensa rett til vidaredelegering. Han kan ikkje delegere gitt mynde til andre politiske organ, så som faste utval, komitéar ol., men han har full rett til å delegere internt i sin administrasjon.

I dei tilfella der ein har fri løyve til vidaredelegering, kan denne moglegheita bli avgrensa ved at det i det opphavlege delegeringsvedtaket vert stadfesta at dette myndet ikkje kan bli delegert til andre. Det vil seie at dersom kommunestyret delegerer myndet til å selje kommunale bustadtomter til formannskapet og bestemmer at dette ikkje kan bli delegert vidare, er formannskapet forhindra frå å delegere slike sal til kommunedirektøren.

Ei oversikt over kor lova set avgrensingar er gitt nedanfor.

### **1.3.2. Delegering må vere skjedd til nokon som er kompetent til å få slik mynde**

[Kommunelova](#) set avgrensingar både på kven som kan bli tildelt mynde Ved delegering, og kva for mynde desse kan bli tildelt.

- [Formannskap § 5-6](#):
  - frå kommunestyret
  - kan bli tildelt avgjerslemynde i alle saker der delegeringssperre ikkje er til hinder
  - kan delegere sitt mynde vidare til ordførar, komitéar, styre for bedrifter ol. og kommunedirektør



- [Ordfører § 6-1:](#)
  - frå politiske organ
  - kan bli tildelt avgjerslemynde i enkeltsaker eller saker utan prinsipiell betyding der delegeringssperrer ikkje er til hinder
  - kan bli tildelt mynde i hastesaker ([kommunelova § 11-8 første ledd](#))
  - kan ikkje delegere vidare myndet sitt som kommunen sin rettslege representant.
  
- [Utval § 5-7:](#)
  - frå kommunestyret
  - kan bli tildelt avgjerslemynde i alle enkeltsaker der delegeringssperrer ikkje er til hinder
  - kan bli tildelt mynde i hastesaker ([kommunelova § 11-8 første ledd](#))

Formannskapet, det faste utvalet for plansaker og fagutvala kan delegere vidare til kommunedirektøren der prinsipielle retningsliner skal vere fastlagt i delegeringsvedtaket. Melding om slikt vedtak skal så snart som råd bli lagt fram for Kommunestyret.

- [Komitéar § 5-9:](#)
  - frå kommunestyret
  - kan bli tildelt mynde til førebuande behandling av saker og utføring av særskilte verv. Kan gis avgjerslemynde i saker som har direkte tilknytning til oppdraget, og delegeringssperrer ikkje er til hinder
  - kan delegere sitt mynde vidare internt og til kommunedirektør
  
- [Styre for institusjon § 5-10:](#)
  - frå kommunestyret
  - kan bli tildelt mynde til avgjersle som gjeld verksemda si drift og organisering, og delegeringssperrer ikkje er til hinder
  - kan ikkje delegere sitt mynde vidare anna enn internt
  
- [Kommunedirektøren § 13-1:](#)
  - frå politiske organ
  - kan bli tildelt mynde til å gjere vedtak i enkeltsaker og type saker som ikkje er av prinsipiell art der delegeringssperrer ikkje er til hinder
  - kan ikkje delegere sitt mynde vidare anna enn internt i administrasjonen
  
- [Partssamansette utval \(administrasjonsutval\) § 5-11:](#)
  - som utval

- [Interkommunalt samarbeid, kommunelova sin sjettede del:](#)
  - interkommunalt samarbeid, kap. 17.
  - interkommunalt politisk råd, kap. 18.
  - kommunalt oppgåvefelleskap, kap. 19
  - vertskommune, kap. 20.

Etter [kommunelova](#) kan ikkje andre bli tildelt mynde på vegne av kommunen. Særlover kan likevel innehalde reglar som utvidar kven som kan ha mynde.

### **1.3.3. Sjølve delegeringsvedtaket må vere gyldig**

I dette ligg at saksbehandlingsreglar og reglar om fleirtal, habilitet, vedtaksførheit o.l. må vere følgt.

## **2. Retningsliner for bruk av delegert mynde**

All delegert mynde skal bli utøvd etter gjeldande lover, forskrifter og i samsvar med dei saksbehandlingsreglar som følgjer av lover, forskrifter og god forvaltningsskikk.

Delegert mynde skal bli utøvd lojalt og etter retningsliner gitt av overordna organ.

Elles skal delegert mynde bli utøvd innanfor dei plan- og budsjetttrammer som er vedtatt av kommunestyret eller anna overordna organ.

## **3. Tilbakekalling og kontroll av delegert vedtak**

Overordna organ kan når som helst trekke tilbake ein gitt delegering.

Overordna organ kan krevje å få lagt fram for seg ei sak som eit underordna organ har til behandling etter delegert mynde.

Overordna organ kan krevje å få overta behandlinga av og fatte vedtak i enkeltsak som underordna organ har til behandling etter delegert mynde.

## **4. Rett og plikt til å la vere å gjere bruk av delegert mynde**

Underordna organ har rett og plikt til å overlate til det overordna organ å fatte avgjerd i enkeltsak når særlege grunner gjer at saka fråvik frå det som er vanleg i saker omfatta av delegeringa, eller det etter overordna organ sin intensjon med delegeringa må anta at saka ikkje bør bli behandla av underordna organ, jf. pkt.1.

Underordna organ skal i kvart enkelt tilfelle gjere ei vurdering av om saka er av ei slik betydning at den må bli lagt fram for overordna organ til avgjerd.

## 5. Vidaredelegering

Eit organ har rett til å delegere gitt mynde vidare etter gjeldande lover og forskrifter, samt retningsliner og instruksar gitt av overordna organ, dersom det er gitt høve til vidaredelegering.

Kommunedirektøren utarbeider sjølv, innanfor ramma av sin delegeringsmynde, retningsliner for intern delegering i administrasjonen og utøving av slik mynde.

## 6. Uklart mynde

Dersom nokon i eit organ er i tvil om organet har avgjerdsmynde i sak etter delegert mynde, skal det bli avgjort av utvalet sjølv ved vanleg fleirtal. Ved røysteliskap, avgjer møteleiars dobbeltstemme.

Eit vedtak om bruk av omstridt delegert mynde kan bli anka inn for overordna organ etter reglane for mindretalsanke, jf. pkt.9.

## 7. Framgangsmåte for å avgjere om ei sak er prinsipiell

Dersom det er tvil om ei sak er av prinsipiell betydning, eller dersom det er tvil om korleis ei sak av prinsipiell betydning skal bli behandla i det politiske system, har ordførar og kommunedirektør ansvaret for å avklare dette.

Når desse er i tvil skal formannskapet avgjere om saka er prinsipiell.

Dei avklaringar som blir gjort gjennom behandling av slike tvilstilfelle, utviklar ein sedvane som supplerer reglane i delegeringsreglementet.

Det kan bli laga egne reglar (vedtekter/retningsliner) for behandling av bestemte sakstypar som går igjen med jamne mellomrom.

## 8. Rapportering

Vedtak som vert gjort etter delegert mynde skal bli lagt fram som referatsak til det organ som etter delegeringsreglementet er utpeikt som rapporteringsorgan. Dette skal bli gjort i organet sitt første møte etter at vedtaket er gjort.

Der mynde er delegert i fleire ledd, gjeld rapporteringsplikt berre for siste delegering. Det vidaredelegerande organ avgjer om dei vedtak som er gjort, er av ei slik betydning at dei bør bli rapportert til overordna organ.

Klagenemnda si avgjerd skal bli rapportert til kommunestyret.

## 9. Omgjeringsrett

Eit kommunalt organ kan omgjere sitt eige vedtak utan at det er påklaga etter dei reglar som gjeld i [forvaltningslova § 35 første ledd](#).

Det vil seie når:

- endringa ikkje er til skade for nokon som vedtaket retter seg mot eller direkte tilgodeser eller
- underretning om vedtaket ikkje er kome fram til vedkomande og vedtaket heller ikkje er offentleg kunngjort, eller
- vedtaket må bli sett på som ugyldig.

Overordna organ kan av eige tiltak omgjere underordna organ sitt vedtak på same måte som det underordna organ sjølv.

Avgrensingane i [forvaltningslova § 35 første ledd](#) gjeld berre ved omgjering av enkeltvedtak, jf. [forvaltningslova § 3 første ledd](#).

Overordna organ sin omgjeringssrett gjeld også vedtak gjort med delegert mynde etter [kommunelova § 11-8](#).

## 10. Klage

Partar og andre med rettsleg klageinteresse, jf. [forvaltningslova § 28](#), kan klage på vedtak gjort av kommunalt organ. Ev. klagerett i personalsaker følgjer reglar heimla i lov eller avtaleverk.

Enkeltvedtak gjort med delegert mynde, kan bli påklaga på vanleg måte etter [forvaltningslova](#) / særlovers reglar og til den klageinstans lova angir.

Ei klagesak skal alltid bli behandla av det organ som har gjort vedtak i første instans. Dersom dette ikkje gir klagen medhald, skal klagen bli behandla i klagenemnda dersom ikkje anna er særleg bestemt.

Klage på eit kommunestyrevedtak om godkjenning av reguleringsplan blir behandla av Planutvalet. Dersom klaga ikkje blir tatt til følgje (uendra vedtak), blir saka sendt

vidare til Fylkesmann for sluttbehandling. Blir derimot klagen gitt heilt/delvis medhald (opprinneleg vedtak blir endra), går saka vidare til Kommunestyret. Avhengig av utfallet i Kommunestyret går saka enten vidare til Fylkesmann (vedtak likt opprinneleg vedtak) eller så blir vedtaket endra i samsvar med planutvalet sitt vedtak.

Klage på kommunale vedtak som ikkje er enkeltvedtak, skal bli behandla av klagenemnda (i Sula er det formannskapet) om ikkje anna er bestemt. Klage på kommunestyret sine vedtak skal bli behandla i kommunestyret.

## **D. Vedtak og iverksetting**

Dette reglementet er vedtatt av Sula kommunestyre i møte 16.12.2020, sak 128/20, og gjeld frå 01.01.2021.

Samstundes vert tidlegare delegeringsreglement for kommunestyret, oppheva.

Endring i dette reglementet kan berre bli gjort av kommunestyret.